

Allsong i sjøkanten i morgon ettermiddag

05.08.2011

Allsong i sjøkanten, eit nytt tiltak på kulturfronten, vert gjennomført i morgon kl. 16.

Det er eit samarbeidstiltak mellom Systrene Nilsen og Uskedalen Utvikling si arbeidsgruppe for Kultur, turisme og informasjon.

Samlinga er lagt opp med to songøtkter og ein avdeling med markering for at nettavisa uskedalen.no har vore aktiv i 5 år.

Vi kjenner ikkje til innhaldet i markeringa, men det vil vera naturleg med ei oppsummering og nokre gode ord til den pensjonerte journalisten frå Lillehammer, Ola Matti Mathisen, no nettredaktør i Uskedalen.

Allsongane er velkjende for alle. Vi vil lovprisa naturen og sumaren. Difor vert det mellom anna lagt opp til songar som: Når det blomstrar i Hardanger og Nordlandsnetter.

Dersom nokre vil prøva seg som solist på Elvis sin hit Love me tender, ja, så er det høve for det.

Systrene Nilsen legg opp til ei enkel servering med kaffi og kaker.

Arrangøren ventar eit godt frammøte. Vi ser gjerne at båtgjester og ferierandei hytter og bubilar finn vegen til Systrene Nilsen.

Tekst: Kristian Olav Bringedal